

KINN KOMMUNE  
Postboks 294  
6701 MÅLØY

**Vår dato:** 30.08.2024  
**Vår ref.:** 201839081-12 Oppgi ved kontakt  
**Dykkar ref.:** 23/1224 - 24/35508 / JAMI1

**Sakshandsamar:** Trine Økseter  
Knudsen, trkn@nve.no

## **NVEs uttale til offentleg høyring av Samfunnsdelen til kommuneplanen 2024-2036 med planstrategi 2024-2027 - Kinn kommune**

Me viser til brev datert 26.07.2024 der planutkast for Samfunnsdelen til kommuneplanen 2024-2036 i Kinn med planstrategi 2024-2027 blir sendt ut på offentleg høyring. jf. plan- og bygningslova §§ 11-4 og 10-1.

### **Om NVE**

Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) er nasjonal sektorstyresmakt med innvendingskompetanse innanfor saksområda flaum-, erosjons- og skredfare, allmenne interesser knytt til vassdrag og grunnvatn, og anlegg for energiproduksjon og framføring av elektrisk kraft. NVE har også ansvar for å hjelpe kommunane med å førebyggja skadar frå overvatn gjennom kunnskap om avrenning i tettbygde strøk (urbanhydrologi). NVE gir råd og rettleiing om korleis nasjonale og vesentlege regionale interesser innan desse saksområda skal takast omsyn til ved utarbeiding av arealplanar etter plan- og bygningslova (pbl.).

### **NVEs konkrete uttale**

#### **Planstrategi 2024-2027**

Kommunen skal etter plan- og bygningslova utarbeida ein kommunal planstrategi minst ein gong kvar valperiode og er eit verktøy for strategiske prioriteringar. I planstrategien skal kommunen gjera ei vurdering av om omsynet til eit endra klima inneber eit behov for oppheving eller revisjon av gjeldande planar jf. [Statlige planretningslinjer for klima- og energiplanlegging og klimatilpassing](#) kap. 4.3.

Kunnskap om nye risiko- og sårbarhetsforhold, eller andre forhold som det tidlegare ikkje har vore tilstrekkeleg kunnskap om, kan også gi behov for å revidera planar. Særleg vil slik kunnskap kunna tilførast ved utarbeiding og oppdatering av heilskapleg ROS-analyse, jf.



sivilvernlova og tilhøyrande forskrift om kommunal beredskapsplikt. Etter forskrift om kommunal beredskapsplikt § 3 bokstav b) har kommunen plikt til å vurdera om forhold som er avdekt i heilskapleg ROS-analyse bør integrerast i planar og prosessar etter plan- og bygningslova, jf. plan- og bygningsloven § 4-3 jf. [rundskriv H-5/18 Samfunnstryggleik i planlegging og byggjesaksbehandling](#), kapittel 2.6.

Kinn kommune har valt å framstilla Planstrategi 2024-2027 i kapittel 3.2 i Samfunnsdelen til kommuneplanen 2024-2036. Planbehovet i 4-årsperioden er vurdert ut frå satsingsområda og utfordringar og moglegheiter.

I planstrategien kjem det fram ei liste over tilrådde prioriterte planoppgåver. Denne viser mellom anna at kommunen skal utarbeide både ny arealdel til kommuneplanen og heilskapleg risiko- og sårbarheitsanalyse (jf. sivilvernlova). Overordna beredskapsplan (jf. sivilvernlova) og planstrategi med faktagrunnlag og folkehelseoversikt skal reviderast i perioden.

**NVEs faglege råd** er at kommunen gjennom arbeidet med denne planstrategien identifiserer kva for tidlegare vedtekne arealplanar som med dagens kunnskap om klimaendringar, naturfare og vassdragsmiljø ikkje ville godkjent for vidare utbygging jf. plan- og bygningsloven § 28-1. Kommunen bør gjennom planstrategien ta stilling til om desse tidlegare vedtekne arealplanane skal opphevast eller endrast. Me viser til utgreiinga [Grunnlag for veileder om revisjon av kommunale arealplanar](#) for hjelp i dette arbeidet.

#### Kommuneplanens samfunnsdel

I kommuneplanens samfunnsdel skal kommunen kartleggja langsiktige utfordringar også knytte til samfunnstryggleik, og fastleggja mål og strategiar for arbeidet i kommunen med samfunnstryggleik jf. § 11-2. Arealstrategien i samfunnsdelen vil vera ein viktig premiss for gjennomføring av arealdelen og samfunnstryggleik i sin heilskap.

NVE ser positivt på at Kinn kommune har som eitt av hovudmåla sine å redusera risiko og sårbarheit gjennom førebyggjande arbeid, styrkt beredskap og betra evne til krisehandtering.

I arealstrategien er det eit hovudmål å ha ein berekraftig arealstrategi. Det er gitt føringar om at nye byggjeområde som hovudregel blir planlagd i område utanfor fare, det blå-grøne samarbeidet mellom utbygging og nærliggande natur-, rekreasjons- og friluftsområde, og dessutan at dei skal leggja stor vekt på betra utnytting og fortetting i allereie utbygde område.

Klimaendringane gjer det viktigare enn nokon gong å sikra ei heilskapleg forvaltning av nedbørsfelt. Ifølgje pbl. § 3-1 bokstav g og i er tilpassing til forventa klimaendringar og ei heilskapleg forvaltning av krinsløpet til vatnet ei planoppgåve. Den heilskaplege forståinga av krinsløpet til vatnet og korleis dette blir påverka av tiltak, er avgjerande for å få til ei trygg samfunnsmessig utvikling.



Vassdraga, både små og store, er viktige levestader for mange av våre plante- og dyreartar. Det same er sona mellom vatn og land som består av leveområde som varierer frå det våte til det tørre. Denne variasjonen i habitat gjer at sona har eit særleg høgt artsmangfald. I tillegg fungerer vassdraga med kantsona som ein nødvendig vandringskorridor i område der menneskelege inngrep elles har delt opp dei naturlege leveområda til artane. Inngrep i og langs vassdrag kan innebera uopprettelege tap av habitat og svekking av dyre- og planteliv, økosystem, landskapsverdiar med meir.

**NVEs faglege råd** er at klimaendringar og naturfare blir viggd ekstra merksemd også i arbeidet med kommuneplanens samfunnsdel. Arealstrategien i samfunnsdelen må sikra at det setjast av nok areal til å handtera naturfare. God arealplanlegging er peika på som det viktigaste verkemiddelet for å førebyggja skadar frå flaum, skred, erosjon og overvatn. Igangverande klimaendringar vil auka risikoene for desse faretypene. Me erfarer at det ofte er ei utfordring å setja av store nok og samanhengande areal til å sikra avrenninga til overvatnet på overflata i intense nedbørshendingar, kapasitetsbehovet til vassdraga i flaum, erosjonsutsette areal, skredutsette areal og nødvendige areal for mildnande tiltak (sikringstiltak). Spesielt må dette vera tema i nye utbyggingsområde og i fortettings- og transformasjonsprosjekt. [NVEs rettleiar 2/2017 Nasjonale og vesentlege regionale interesser innan NVEs saksområde i arealplanlegging](#) beskriv korleis våre forvaltningsområde skal varetakast.

I [Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2023–2027 \(regjeringa.no\)](#) er det fleire forventningar knytt til klima og energi. Mellom anna skal kommunane leggja til rette for meir fornybar energiproduksjon, særleg i område med kraftkrevjande næringsutvikling. Det er viktig å sikra god balanse mellom meir fornybar energi og miljøomsyn (forventning nr. 32). Tilgang på kraft og tilhøyrande infrastruktur er ein premiss for planarbeid knytt til etablering av nye næringsareal. NVE oppmodar til at kommunen gjennom kommuneplanens samfunnsdel også fastset kva arealstrategi det skal leggja til rette for:

- Ny fornybar kraftproduksjon.
- Samlokalisering av verksemder med overskotsvarme med aktivitet som har behov for varme.
- Effektiv energibruk i bygningar og andre sektorar.

NVE kan bidra til konkret rettleiing i dette arbeidet dersom ønskjeleg.

Med helsing

Øyvind Leirset  
Seksjonssjef

Trine Økseter Knudsen  
Seniorrådgiver

*Dokumentet blir sendt utan underskrift. Det er godkjend etter interne rutinar.*



**Mottakarar:**  
KINN KOMMUNE

**Kopimottakarar:**  
STATSFORVALTAREN I VESTLAND